

Fra: Post Alver byggesak
Sendt: onsdag 28. juni 2023 16:42
Til: Postmottak Alver
Emne: Om ferdigattest for tomannsbustad m.m. - gbnr 445/428 Manger nedre

Frå: Post Alver byggesak <byggesak@alver.kommune.no>
Send: onsdag 28. juni 2023 16:39
Til: mangeroe@online.no
Emne: Om ferdigattest for tomannsbustad m.m. - gbnr 445/428 Manger nedre

Hei Arne Mangerøy

Eg viser til førespurnad i byggesaksvakta i går.

Ferdigattest

Vi ser av kommunen sitt arkiv at det vart søkt om ferdigattest for bustaden i 2012, men at det vart gitt mellombels bruksløyve då teknisk infrastruktur ikkje var ferdigstilt. Vi forstår at anlegget no er ferdig. På bakgrunn dette vurderer vi at du kan be om ferdigattest for tiltaket, og leggja ved dokumentasjon på at VVA-anlegget er ferdigstilt. Det er ikkje nødvendig at ansvarleg søkjar sender ny søknad til kommunen.

Førespurnaden sender du til post@alver.kommune.no

Utviding av veranda.

Du kan føra opp eit tilbygg på inntil 15 m², til eksisterande bustad utan søknad og løyve på gitte vilkår. Tiltaket må vera i samsvar med gjeldande plangrunnlag (byggegrensar, utnyttingsgrad m.m.) og lov og forskrifter.

Når tiltaket er ferdig må du senda ferdigmelding til kommunen.

Skjema for ferdigmelding finn du her: [Alver kommune - Ferdigstilling](#)

Eigedomen ligg i område som er omfatta av reguleringsplanen for Selfallet bustadfelt

Plankart finn du her: [Selfallet reg.endring byggegrense \(nordhordlandskart.no\)](#)

Føresegner finn du her: [reguleringsføresegner-5-Selfallet-180506.doc \(nordhordlandskart.no\)](#)

Vi gjer merksam på at denne førespurnaden er svart ut med den informasjonen kommunen haddde tilgjengeleg på svartidspunktet. Det er i svaret ikkje tatt stilling til sjølve tiltaket, men gjort ei generell rettleiing som ikkje er bindande for vidare sakshandsaming. Ynskjer du meir konkret informasjon og vurdering av tiltaket, kan du bestille førehandskonferanse her:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/forehandskonferanse/>

Om du ynskjer at nokon skal sjekke kvaliteten på søknaden eller hjelpe til å ferdigstille søknaden, må du kontakte fagfolk. Viss du synast heile søknadsprosessen er vanskeleg vil vi anbefale deg å kontakte eit ansvarleg føretak (byggmeister / arkitekt) som kan hjelpe deg med dette. Det vil spare deg for mykje tid og eventuelle problem i søknadsprosessen. Vi gjer merksam på at ved mangelfulle søknader vil det oppstå ekstra kostnader og lengre sakshandsamingstid.

Vennleg helsing

Anne Lise Molvik | Rådgjevar byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE